
Saksnr: 2021/16091-2
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-----------------|-------------|----------|
| Kontrollutvalet | | |

Forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga - Forslag til prosjektplan**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 25.05.2021.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.12.2021, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Samandrag

Føremålet med denne saka ar at kontrollutvalet skal ta stilling til vedlagt forslag til prosjektplan frå Deloitte, på kva forvaltningsrevisjonen innan fylkesvegforvaltninga bør innehalde og korleis dei har tenkt å gjennomføre arbeidet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 VLFK - FR av vegforvaltning - prosjektplan

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet handsama sak PS 20/21 Bestilling av forvaltningsrevisjon i møte 22.03.2021 og dette vart protokollert:

«Handsaming i møte

Det vart semje om å bestille to forvaltningsrevisjonar no. Det vart gjennomført avrøysting som resulterte i samrøystes vedtak om å gjennomføre forvaltningsrevisjon av «Kvalitet i opplæringa».

Når det gjeld avrøysting mellom «Satsing på digitalisering» og «Fylkesvegforvaltninga» fekk dei høvesvis 3 og 4 stemmer, og «Fylkesvegforvaltninga» vart vald.

På bakgrunn av dette kom kontrollutvalet med slike problemstillingar/moment til kvart av dei to valde områda:

Fylkesvegforvaltninga

- Forholdet mellom gul stripe og fergestrekningar
- Tuneller og oppgradering til 2025
- Vedlikehald
 - Er det gjort berekningar på etterslepet
- Er det god nok flyt i prosjekta
- Tar det for lang tid å komme i gang
- Internkontrollsystem
- System og rutinar
- Kapasitet og kompetanse
- Mangelfull måloppnåing
- Kapasitetsutfordringar

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan og «Fylkesvegforvaltninga».*
2. *Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplanar i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
3. *Forslag til prosjektplanar bes levert sekretariatet seinast innan 19.04.2021.*
4. *Prosjektplanane skal leggjast fram til godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.»*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar medan det er fylkestinget som har mynde til å vedta revisjonsrapporten, jf. kommunelova § 23-3 og § 23-5.

Vurderingar og verknader

Med utgangspunkt i det som går fram over har Deloitte levert forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga. Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

Av den føreslåtte prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om VLFK har etablert system og rutinar for å sikre at sentrale oppgåver i vegforvaltninga blir gjennomført med tilstrekkeleg kvalitet, samt om VLFK har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å gjennomføre dei forvaltningsmessige oppgåvene fylkeskommunen har ansvar for. Vidare er det eit føremål å undersøke i kva grad VLFK per i dag har sikra tydelege mål og prioriteringar for utvikling av fylkesvegnettet, samt om VLFK har tilstrekkeleg oversikt over forfall og vedlikehaldsetterslep på vegnettet.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgende problemstillinger:

1. *I kva grad har VLFK gjennomført risikovurderingar og etablert system og rutinar (internkontroll) for gjennomføring av sentrale oppgåver knytt til:*
 - a. *Planlegging og bygging av veg, under dette:*
 - i. *Planlegging og initiering/oppstart av prosjekt?*
 - ii. *Gjennomføring av prosjekt?*
 - iii. *Prosjektstyring og rapportering?*
 - b. *Drift og vedlikehald av fylkesvegnettet, under dette:*
 - i. *Vurdering av behov, og anskaffing av og inngåing av kontraktar med entreprenørar?*
 - ii. *Tinging og oppfølging av drifts- og elektroarbeid?*
 - iii. *Tinging og oppfølging av vedlikehaldsarbeid (dekkelegging, bru- og kaivedlikehald, tunneloppgradering mv.)?*
 - c. *Beredskap og handtering av hendingar på vegnettet (t.d. ras eller flaum)?*
 - d. *Økonomistyring og -oppfølging (av både prosjekt og drift og vedlikehald)?*
2. *I kva grad har VLFK tilgjengeleg naudsynt kapasitet og kompetanse til å forvalte fylkesvegnettet på ein tilfredsstillande måte, under dette også dei oppgåver som tidlegare låg under Statens vegvesen?*
 - a. *Har Avdeling for infrastruktur og veg tilstrekkeleg kapasitet til å gjennomføre sine oppgåver når det gjeld:*
 - i. *Utbyggings-/investeringsprosjekt på veg?*
 - ii. *Drift og vedlikehald av vegnettet?*
 - iii. *Beredskapshandtering?*
 - iv. *Administrative prosessar?*
 - b. *Har Avdeling for infrastruktur og veg tilgang på naudsynt kompetanse til å gjennomføre sine oppgåver når det gjeld:*
 - i. *Utbyggings-/investeringsprosjekt på veg?*
 - ii. *Drift og vedlikehald av vegnettet?*
 - iii. *Beredskapshandtering?*
 - iv. *Administrative prosessar?*
 - c. *Er det bestemte ressursar som må på plass i Avdeling for infrastruktur og veg framover for at VLFK skal kunne sikre ei vegforvaltning med tilstrekkeleg høg kvalitet?*
3. *I kva grad er det utarbeidd mål, strategiar og planar for utbygging av ny infrastruktur og oppgradering/standardheving på eksisterande veg, tunnelar og bruer, basert på fylkeskommunale vedtak?*
 - a. *Er det utarbeidd mål, strategiar og planar for utbygging av ny infrastruktur?*
 - i. *I kva grad blir infrastrukturprosjekt starta opp og gjennomført i samsvar med ev. strategiar og planar?*
 - b. *Er det utarbeidd mål, strategiar og planar for å nå ev. målsettingar for oppgradering/standardheving av vegnettet, inkl. tunnelar og bruer?*
 - i. *I kva grad lykkast VLFK med å gjennomføre ev. planar for oppgradering/standardheving av vegnettet?*
4. *I kva grad har VLFK per dags dato sikra tilstrekkeleg oversikt over forfall og vedlikehaldsetterslep på fylkesvegnettet?*
 - a. *I kva grad er det gjort oppdaterte berekningar av forfall og vedlikehaldsetterslep på fylkesvegnettet etter innføring av regionreforma?*
 - b. *I kva grad er det sett i verk tiltak for å stoppe vekst i forfallet på vegnettet?*

- i. I kva grad får fylkespolitiske organ oppdatert informasjon om forfalls- og vedlikeholdssituasjonen i samband med budsjettprosessen?*
- ii. I kva grad ligg gjennomførte vurderingar/analysar av forfall og vedlikeholdsetterslep til grunn for løyvingar til vedlikehold?*
- iii. I kva grad er økonomiske løyvingar til vedlikehold i samsvar med ev. berekningar og vurderingar/analysar?*

I dette revisjonsprosjektet vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju og verifisering og høyring som metode. Revisjonen ønskjer å gjennomføre 7-8 intervju med utvalde personar frå Vestland fylkeskommune som er involvert i arbeid med fylkesvegforvaltning.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen meiner sekretariatet at det kan forsvarast å bruke inntil det timetal som er føreslått.

Konklusjon

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga frå kontrollutvalet. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med dette. Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjend inntil det timetal som går fram av prosjektplanen. Vidare bør det akseptierast opsjon på ev. presentasjon av revisjonsrapporten for Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.